



BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
OKTOBER 2024**



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 - 19.00
Tysdag 14.00 - 18.00
Onsdag 14.00 - 18.00
Torsdag 12.00 - 15.30
Fredag 12.00 - 15.30
Laurdag 10.00 - 14.00

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimnytt må vere inne før tysdag 22. oktober kl. 24.00. Bladet kjem i postkassen seinast torsdag 31. oktober. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå nettsida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint

FRAMSIDE:

Framsida: Foto: Tore Fuglestad



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

Det vert behandla mange politiske saker gjennom hausten, og alt bygger seg opp mot arbeidet med budsjett for komande år. Dette dokumentet er det viktigaste for styringa av Bjerkreim og den saka som på svært mange områder får direkte innverknad på me som bur her.

Det er og mange andre saker som både engasjerer og skapar debatt. Ei sak som har skapt stor debatt er korleis me skal behandle dispensasjonssaker, frådellingar og konsesjonssaker i landbruket. Desse sakene er prinsipielle, men dei er og spesielle kvar for seg. Ofte handlar det om ein gard bør seljast som tilleggsjord, og om hus og bygningar skal skiljast i frå. Eller om garden vert seld vidare som eige bruk. Debattane rundt sakene viser at landbruk og landbrukspolitikk er viktig for politikarane i Bjerkreim. Alle ynskjer det beste for landbruket, men sjølvstakt med ulike syn på kva som er det beste. Politikarane har og prioritert å ha ei sterk, administrativt landbruksavdeling.

Ei anna sak som alltid engasjerer er saker rundt retningslinjer for alkohol. Ein skal på den eine sida balansera korleis sal og skjenking skal gå føre seg, og samstundes prøve å forebygga og avgrense skadar som ein veit er baksida. Statistikk viser at 13 prosent av befolkninga kan ha ein risikofylt alkoholbruk. Dette gjeld og i Bjerkreim, og betyr at og hjå oss er dette eit problem, både for den det gjeld og for dei rundt. Kommunestyret la i denne planen inn at me skal verte ein av-og-til kommune. Av-og-til er ein organisasjon stifta av ulike kjende norske organisasjonar, og arbeider etter same formålet: Bidra til å redusera negative fyljer, og gjera kvardagen tryggare for alle. Av-og-til lagar gode kampanjar og me i Bjerkreim vil framover sjå desse i ulike samanhengar.

No skjer det verkeleg mykje rundt Bjerkreim helsesenter. Arbeidarar og gjester fekk velfortent feira tett bygg med kranselag. Ute er ein langt på veg ferdig, og ein kan sjå korleis bygget vil sjå ut. Mykje tre, glas og tegl. Eg trur mange med meg vart litt overraska over kor stort bygget er. Dette vert utan tvil det finaste bygget me har i Bjerkreim. Vel fortent til dei som skal bu her. No har fleire fått koma inn å sjå korleis det vil sjå ut innvendig. Det er ikkje lett å sleppe folk inn på ein byggeplass, men dei heldige som fekk vera med var svært begeistra over det dei såg. Store gode rom, lys inn frå alle kantar, og gjennomtenkte løysingar. Går alt som planlagt, så er bygget i bruk eit år i frå no. Då vert de alle invitert til innflyttingsfest!

Vennleg helsing, Tone Vaule

POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

Formannskap:	Tysdag 01.10 kl. 16.00
Fellesråd for eldre og funksjonshemma:	Måndag 21.10 kl. 13.00
Ungdomsråd:	Måndag 21.10 kl. 16.00
Gruppemøte:	Måndag 21.10 kl. 19.00
Formannskap:	Tysdag 22.10 kl. 19.00
Levekårsutval:	Onsdag 23.10 kl. 13.00
LMT-utval:	Onsdag 23.10 kl. 19.00
Kommunestyre	Tysdag 29.10 kl. 18.00

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00





LEGE

Marlene Veastad Opheim er ny lege i spesialisering fram til 1. mars 2025. Ho kjem frå Sauda. Bjerkreim legekontor

TIL DEG SOM HAR VANNMÅLER!



Hvor mye vann har du brukt i år? For at vi skal kunne regne ut vannforbruket ditt, må du lese av vannmåleren din.

Send inn så snart som mulig - fristen er 1. november.

Registrering av vannforbruket gjør du via skjema på kommunens hjemmeside. Se skjema under Søknadssenter/Bolig og eiendom/Vannmåleravlesing. Her fyller du ut vannmålerstand og fint om du også tar bilde av måleren. På bildet skal både målerstanden og målnummeret være godt leselig. Har du flere vannmålere? Husk å lese av alle.

SPILLEMIDLER

Det er åpnet for å søke om spillemidler for 2025. For mer info om hvem som kan søke, og hvordan, se: www.anleggsregisteret.no.

Har du spørsmål, kontakt kulturkontoret. Søknadsfrist 1. november hvert år.

TV AKSJJONEN 2024

Søndag 20. oktober får du besøk av ein bøsseberar som samlar inn pengar til TV-aksjonen. I år går innsamla midlar til Barnekreftforeningen sitt arbeid med å etablere familiehus kor barn med alvorleg sjukdom saman med familien sin kan bu medan barnet får behandling. Tittelen på aksjonen er «Sammen for små helter».

Ta godt imot bøsseberarane. Ha gjerne klar kontantar, men du kan like gjerne bruke VIPPS på aksjonsdagen. Vippsnummeret er 2133, og beløpet blir registrert gitt frå Bjerkreim om du har eit privat mobilabonnement.

INNSATSPREMIER

Innsatspremier deles ut hvert år på Kulturdagen i desember. Bjerkreim kommunes levekårsutvalg bestemmer hvem som skal få tildelt premiene. Innsatspremier kan bli utdelt innen kulturområdene idrett og sport, sang, musikk og dans og andre kulturgrener. Det er ingen automatikk i at utøvere som fyller kriteriene får prisen, noen må foreslå kandidatene.

Forslag med begrunnelse på kandidater til prisene kan sendes postmottak@bjerkreim.kommune.no eller Bjerkreim kommune, Postboks 17, 4384 Vikeså.

Frist for å foreslå kandidater:

1. oktober

Se Bjerkreim kommunes nettside under Tjenester / Kultur, idrett og fritid / Kultur / Innsatspremier for mer informasjon om kriteriene for prisene.

KULTURPRIS

Hvem synes du bør få årets kulturpris i Bjerkreim?

Hvert år blir det delt ut kulturpris eller byggeskikkpris på Kulturdagen 1. søndag i advent. I 2024 skal det deles ut kulturpris. Hvem synes du har gjort en ekstra innsats for at vi skal kunne leve «det gode liv» i Bjerkreim!

Forslag med begrunnelse på kandidat til årets kulturpris kan sendes postmottak@bjerkreim.kommune.no eller Bjerkreim kommune, Postboks 17, 4384 Vikeså. Usikker på hva du skal skrive, ring Bjerkreim kulturkontor på tlf 988 80 147.

Frist for å foreslå kandidater:

1. oktober

Se Bjerkreim kommunes nettside under Tjenester / Kultur, idrett og fritid / Kultur / Kulturpris for mer informasjon om kriteriene for prisen.

VAKSINERING

Vaksine mot influensa og korona. Den 17. og 24. oktober kl. 12-17 er det mulig å få vaksine mot influensa og korona i Bjerkreimshallen. Dørene opnar kl. 12. Me vil tilrå at dei som ønsker både influensa- og koronavaksine kjem mellom 12-15, og at dei som berre ønsker influensavaksine, kjem mellom 14-17. Folkehelseinstituttet tilrår begge vaksinane for alle som har fylt 65 år, og til gravide i 2. og 3. trimester. I tillegg er influensavaksine mellom anna tilrådd for barn og vaksne med kronisk sjukdom, mens koronavaksine er tilrådd ved alvorleg underliggende sjukdom.

Pris:

Influensavaksine kostar kr. 200.

Koronavaksine er gratis.

Meir informasjon, også om pneumokokkvaksine

Du kan lesa meir på kommunen sine nettsider og på fhi.no. Der finn du også informasjon om at alle som er 65 år bør sjekka på HelseNorge om dei treng pneumokokkvaksine og eventuelt be fastlege om resept på denne vaksinen. Pneumokokkvaksine trengst ikkje oftare enn kvart 6. år, og må hentast på apotek etter resept frå lege.

EGENBEREDSKAP

I slutten av oktober markeres egenberedskapsuken. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sender ut brosjyre til alle husstander med oppdaterte egenberedskapsråd i forbindelse med dette.

DSB anbefaler at flest mulig er forberedt på å klare seg selv i én uke ved kriser. Kommunen, nødetater og frivillige organisasjoner må prioritere de som ikke klarer seg uten hjelp når en slik situasjon oppstår.

I tillegg gir de nye egenberedskapsrådene mer detaljerte råd om temaer som kritisk medieforståelse og oppholdssted i kriser.

Vi lever nå i en gråson mellom krig og fred. Kommunen oppfordrer alle til å sette seg godt inn i informasjonen i brosjyren. Brosjyrer på andre språk er tilgjengelig på kommunehuset.

Du er en del av Norges beredskap! Er du forberedt? Du finner mer informasjon på www.sikkerhverdag.no.

LEIE AV KULTURBANKEN

Visste du at du kan leie Kulturskolens lokaler til private, alkoholfrie arrangementer? Innhold: Banksal med plass til å dekke til ca 70 personer, AV og PA utstyr, scene og lysanlegg. Kjøkken og foaje med sofakrok og spisebord. Se kommunens nettside for satser ved leie av kommunale lokaler, og kontakt kulturskolen for mer informasjon og booking. Du kan bestille lokalene for 2024 og 2025. Bookinger for 2026 åpner 15. april kl.08.00. E-post: Anne.Margrethe.Vikesaa@bjerkreim.kommune.no Tlf. 91154670

SVØMMEKURS HØST 2024

Oppstart etter høstferien, påmeldingsfrist 4. oktober. åtte kursdager på fredager:
Kl. 15.45 - 16.30 - grunnkurs
Kl. 16.30 - 17.15 - småbarn
Kl. 17.15 - 18.00 - grunnkurs
Kl. 18.00 - 18.45 - vid 1
Kl. 18.45 - 19.30 - vid 2
Elektronisk søknadskjema og mer informasjon finner du på kommunen sin nettside under Skjema/søknadssenter – kultur og fritid. Vi tar forbehold om endringer.

OFFENTLIG SVØMMING

Velkommen til svømmehallen på Vikeså skule hver lørdag mellom høstferien og påskeferien. Oppstart lørdag 19. oktober. Gratis adgang. Åpningstider:
Kl. 10.00 - 10.45 Voksne over 18 år (garderobe åpen fra 09.45).
Kl. 10.45 - 11.30: Voksne over 18 år.
Kl. 11.30 - 12.15: Åpent for alle (garderobe fra kl. 11.15)
Kl. 12.15 - 13.00: Åpent for alle
Kl. 13.00- 13.45: Åpent for alle

Lister blir lagt ut i gangen fra kl. 09.45 for å reservere plass på de ulike gruppene. Bor du langt fra bassenget og har vansker med å komme innom på forhånd, kan du ringe 404 44 955 for å reservere tid. Maks antall i voksengruppene er 15. Maks antall i familiegruppene er 25. Husk badehette! Bleiebarn må bruke badebleie, dette kan man eventuelt få kjøpt fra badevaktene.

Kom å bli med på BJERKREIMSMARKEN

27.- 29. september.
Hele bygdas store «happening» blir i år arrangert for 37. gang. Mye kjekt for både små og store. (program kommer i posten) Nytt i år er at billetter kan kjøpes digitalt på www.Bjerkreimsmarken.no

Åpningstider:
Fredag 10-17
Lørdag 9-17
Søndag 10-16

BJERKREIMSQUIZEN

Onsdag 16. oktober kl. 19.30 i kommunestyresalen.
Quizmaster: Tom Fjermedal.
Startkontingent kr. 50,- .
Servering av kaffi og kjeks.
4-mannslag. Kom gjerne åleine, så får du plass på eit lag!

BINGO

Bingo onsdag 9. oktober kl 14.00- ca 16.00 i peisestova på Vikeså Misjonshus. Alle velkomne.
Arr. Bjerkreim helselag

DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjørge Vassbø. Tlf. 486 03 535

ÅSENBASAREN

Basar på Åsen den 22.10 kl. 19.00.
Husk: Kun kontanter.
Alle er velkomne.
Arr: Åsenkomiteen

SOSIAL KVELD

Kom å bli med på sosial kveld mandag 14. oktober kl. 19.00. Sted: Skjeraberget folkehelsehus
Alle er velkomne til god drøs, med eller uten håndarbeid.
Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag

ÅRSMØTE BJERKREIM BYGDEKVINNELAG

Onsdag 23. oktober kl. 19.00 på samfunnshuset i lillesalen. Saker til årsmøte må være innsendt 14 dager før. Styret.

PENSJONISTEN

Det blir møte i Pensjonisten 31. oktober kl. 14.00 på samfunnshuset. Kåsør: Reidunn M. Alvsåker. Det blir servering av gode smørbrød, kaker, kaffe og te. Salg av årer og kanskje en liten bilde-quiz. Inngang kr 50,- . Hjertelig velkommen.

BJERKREIM HAGELAG

Tirsdag 15. okt kl. 19.00 i Skjeraberget folkehelsehus.
Foredrag av Holen om blomsterløk. Salg av blomsterløk, lotteri, kaffe og kaker.
Inngang kr. 50 per pers.
Alle velkommen.

NY NETTSIDE BJERKREIMSHALLEN

Nå ligger informasjon om Bjerkreimshallen og dens historie, vedtekter samt utleigereglement på ny og oppdatert heimeside. Besøk www.bjerkreimshallen.no for informasjon
Styret i Bjerkreimshallen

Alle damer i bygda inviteres til: DAMENES AFTEN

Tid: Fredag 18. oktober kl 19.30
Sted: Laksebørsen
Aldersgrense 20 år
Billettpris kr 350,- inkl. bl.a.:
- Ost & kjeks
- Underholdning v/Valborg og Karl Gustav
- Mette fra Under Tøyet kommer
- Utlodning av flotte gavekort
Billetter på: <https://melodypipe.com>
Overskudd fra kvelden går til Rosa Sløyfe-aksjonen
Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 9. oktober kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus. Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffe, te og litt å spise. Velkommen alle kvinner!

«VILLFAREN, UTENFOR, SINT OG STRESSA - FORSTÅELSE I ET SAMFUNNSPERSPEKTIV»

Verdensdagen for psykisk helse blir markert for første gang i Bjerkreim 16. oktober kl. 18.30 til kl. 21.00 på samfunnshuset. I tillegg til foredrag med samfunnsviteren Arne Klyve blir det salg av mat, musikk ved Karl Gustav Bakke og tid til drøs.

Alle er hjertelig velkommen!

Arr: Mestringsenheten v/kommunen og Bjerkreim kyrkje

KLASSISK COUNTRY KONSERT

med Ove & Kjell på omsorgssenteret.

Torsdag 10. okt. kl.16.30

AFTER EIGHT PRAISE

Velkommen til lovsangskveld på Misjonshuset.

Vi møtes til en kveld med sang, bønn, vitnesbyrd og fellesskap. Denne gangen har vi med oss Per Børge Hillestad (prest i Bjerkreim) som vil tale og formidle for oss. Vi ønsker å legge til rette for en kveld der du kan komme som du er, og bli møtt av en Gud som elsker deg og tar imot deg, enten du er fylt av lovsang og glede eller stillhet og sorg - eller en plass midt i mellom. Uansett er du hjertelig velkommen. Håper akkurat du vil bli med!

Når: 18. oktober kl. 20.01

Hvor: Vikeså Misjonshus

Arr. Sangere og musikere fra lovsangsteamene på Bjerkreim bedehus og Vikeså misjonshus.

BLÅ TIME KONSERT

Torsdag 31.10. kl. 19.30.

Familien Hågbo/ Gjedrem inviterer deg inn til en musikalsk kveld når høsten er som mørkest. Vi tenner lys i kirken og henter fram sanger om varme, håp, vennskap og gode gaver. Velkommen til en Blå Time og en stemningsfull kveld!

Billetter kjøpes i døra eller via linken: <https://melodypipe.com/event/bla-time>

BASARDAG

På Bjerkreim bedehus, lørdag

19. oktober kl. 12.00.

Kafè med sal av risengraut, pølser i brød og kaffi og kaker frå kl. 12.00. Rulleappar.

Barnebok, årsal og hovudtrekking.

Familiemøte kl. 13.00.

Andakt av Kari Anne Vatland.

Song av Bjerkreim barnekor.

Alle er velkomne!

Arr. Bjerkreim kvinneforening NLM

STILLE DAG - MED JESUS I STILLHETEN

Velkommen til ein stille laurdag på Vikeså misjonshus

19. okt kl. 11.00 - ca 15.00.

Henny og Håvard Sandved frå Bryne frikirke gjestar oss.

PROGRAM:

- Nattverd

- Stille individuelt bibelarbeid

- Felles lunsj m/medbrakt niste. Drøs. Kaffe , te og frukt vert servert

- Delestund for dei som ynskjer det.

Kom og prøv ein litt annleis

møteform!

Vel møt.

VIKESÅ MISJONSHUS

01. kl. 18.00 Bønnemøte

04. Fredagsklubb

05. BKU

09. kl. 14.00 Bingo

09. kl 17.30 Global kafe

09. kl. 20.00 Samtalemøte

13. kl. 11.00 Søndagssamling og søndagsskule

14. kl. 19.00 YngRes og Korvett

18. kl. 20.01 After Eight Praise

19. kl. 11.00 Stille dag

24. kl 19.30 Møte Samemisjonen, taler: Alfred Salte

28. kl. 19.00 YngRes og Korvett

Hver torsdag kl. 17.00 Barnekor

BJERKREIM BEDEHUS

Oktober 2024

1.kl. 19.30 Møte Samemisjonen

2.kl. 09.30 Minsten

7. kl. 18.30 Guttelaget og Jentelaget

8. kl. 19.30 Bønnemøte

9. kl. 09.30 Minsten

11.-13. Weekend Tonstadli

14. kl. 19.00 Yngres

15. kl. 19.30 Logos

16. kl. 09.30 Minsten

17. kl. 19.00 Inspirasjonssamling for damer, Normisjon

18. kl. 20.00-23.00 Fredagstreff

19. kl. 11.00 Basar NLM

Kl. 20.00 BKU (kjellaren)

21. kl. 18.30 Guttelaget og Jentelaget

22. kl. 19.30 Bønnemøte

23. kl. 09.30 Minsten

Kl. 17.30 Global kafe

26. kl. 19.30 Møte Flymisjonen

27. kl. 19.30 Møte Flymisjonen

28. kl. 19.00 Yngres

29. kl. 19.30 Bønnemøte

30. kl. 09.30 Minsten

INFORMASJON

GO Consult
Olav Engelsingjerd
Tlf. 906 99 409
post@goconsult.net



fjoscam.no

-Internett og kamera til fjøs
-Data-reparasjon/salg
-Langtrekkende WiFi som fungerer
-Service parabol og Riks-Tv



Bestill her

ALLE TRENG
GODE BØNNER
handbrent.no





VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER

Søndag 6. oktober kl 11.00

G3-gudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Søndag 13. oktober

Ikkje gudsteneste i soknet.

Søndag 20. oktober kl 11.00

Hausttakkefest i Bjerkreim kyrkje i samarbeid med Bygdekvinnelaget og Bondelaget. Tårnagentane deltek.

Søndag 27. oktober kl 11.00

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje.

DØYPTE

24.08.24 Maiken Gilje Hagen

25.08.24 Harlem Vikesdal Andreassen

01.09.24 Ivan Vikesdal

08.09.24 Rakel Gilje



GLOBAL KAFÉ ER I GANG!

Samlinger i oktober:

9.10 på Vikeså Misjonshus

20.10 på Bjerkreim bedehus

Kl. 17.30-19.15(ca).

Alle er velkommen!



Husk markeringen av Verdensdagen for psykisk helse 16. oktober på samfunnshuset med foredrag av Arne Klyve (se «Kva skjer»)



TÅRNAGENTHELG

19-20. oktober er alle 3. klassingar velkommen til TÅRNAGENTHELG i Bjerkreim kyrkje.

Laurdag kl 15- ca19.30 og søndag kl. 10.45 til etter kyrkjekaffien. Kom og løys oppdrag og mysterier i og rundt Bjerkreim kyrkje! Husk gode, varme klede.

Påmelding: tinyurl.com/bj-taarnagent

HERREN RØRER I VATNET..

Haustsemesteret er godt i gang, og både kyrkje, idrettslag, barnehagar, skular og samfunnshus har starta opp att aktivitetane sine. For mange er det hektiske dagar, men forhåpentligvis har vi tid å setja oss ned å kosa oss med det nye nummeret av Bjerkreimsnytt.

I sommar har eg undra meg mykje over rausheten som synest å liggja over bygda. Det er med takksemd eg legg merke til at ein i bygda også ber mykje om nettopp raushet for kvarandre.

Vi er så ulike og forskjellige. I Bjerkreimkyrkja set vi til dømes pris på ulike former. Nokre av oss set pris på dei stille og meditative samlingane der den kjende liturgien ber oss fram. Andre av oss set meir pris på raskare tempo og friare former. Men anten vi set pris å å sitja stille på bakerste benk med folda hender, eller å syngja ut av høg hals med lyfta hender, så undrar eg meg på om det ikkje djupast sett er ulike uttrykk for den samme hengivenhet. Ein hengivenhet for eit møte med ein Gud vi opplever som mykje større enn oss sjølve.



UTDELING AV 2-ARSBØKER!

Me vil ha ei samling for 2-åringane (født 2022) der me vil dele ut bok og leikelam, høyra bibelhistorie, syngja og eta bollar og frukt. Velkomen laurdag 19. okt. kl 10 - 11.30 i Bjerkreim kyrkje.

Påmelding: tinyurl.com/2ars-samling-bjerkreim

Ulikheten vår gjer oss all grunn til å takka. Han gjer oss rikare og utfordrar oss til ettertanke. Kva har eg å lære av tradisjonelle måtar å uttrykkja tru på? Kva har eg å lære av nye tankar? Ulikheten vår utfordrar oss også til... raushet overfor kvarandre.

I sommar fekk eg også tid til å undra meg over kva det er å være ein etterfølgjar eller disippel av Jesus. Eg merkar sjølv kor lett det er å tenkja at disippelliv er noko religiøst, noko som har med kyrkjebygget eller gudstenesta å gjøre. Dei religiøse aktivitetane, eller meir presist, dei aktivitetane vi har brukt å kalla dei religiøse aktivitetane, skjer i kyrkja eller på eit av bedehusa. Men er ikke ein disippel ein som lærer å leve ut heile livet som etterfølgjar? Er ikkje staden for å vera ein etterfølgjar alle stadene vi lever livet vårt? Til dømes på arbeid, i heimen, på fritidsaktivitetane, også dei i kyrkja?

Eg trur at det er i relasjonane, venskapane våre, vi får ta imot mykje av det Jesus har for oss, at det hender det som Jesus ba om i bønna han lærte oss: lat viljen din råda på jorda så som i himmelen. Eg takkar Gud for alt eg får lære av menneska jeg møter i Bjerkreim, også dei i kyrkja.

Soknepresten

SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOTT PR 01.10.24

Det er på ny tid for eit av haustens vakraste eventyr, nemleg søknaden om produksjonstilskott 2024. Dei fleste av dykk har levert del 1 av søknaden i første del av mars, og nå er det tid for å sende inn del 2.

Gå inn på heimesida til Bjerkreim kommune <https://www.bjerkreim.kommune.no> og vel arkfana Næring, landbruk og miljø, så landbruk, deretter søkje om tilskott og så vel du produksjonstilskott. Her finn du direkte link til søknadsskjemaet i altinn

Søknadsfristen er 15.10.24, og du kan endre opplysningar i søknaden fram til og med 29.10.2024 utan økonomiske konsekvensar. Har du gløymt å levere søknaden innan fristen, kan den leverast fram til 29.10.24, med då med eit trekk på 1.000 kr/dag.

I tillegg kan du etterregistrere innan 10.01.25 avløysarutgifter mellom 01.10.24 og 31.12.24, samt dyr på utmarksbeite som er sankt etter 15.10.24. No kan du søkja om:

Tilskott for husdyr:

- Du skal søkja for alle husdyr, unnateke sauer født i fjor eller tidlegare. Sauene søkte du på i mars, både når det gjeld tilskott og grunnlag for avløysartilskott.
- Vær nøye og tell tal dyr du søkjar tilskott på. NB kyr/ammekyr som ikkje har kalva dei siste 15 mnd før teljedato skal først som øvrige storfe. Ein del fører feil her, og då er me nødt til å avkorte i tilskottet.
- Det er dei dyra du disponerer på teljedato den 01.10.2024 som skal først opp. Ikkje før opp ca. tal !!!
- Når det gjeld mjølkekyr og ammekyr, vil dyretalet du fører opp på husdyrtilskottet automatisk danne grunnlaget for henholdsvis driftstilskott mjølk og driftstilskott til spesialisert storfekjøttproduksjon. Det same gjeld tilskott til små om mellomstore mjølkebruk.

Beitetilskot:

Her skal me mellom to typar beitetilskot:

- Ordinært beitetilskot der dyra må ha vore ute på beite i minimum 16 veker gjennom beitesesongen, og minst halvparten av grovforopptaket skal ha skjedd på beite. Vær nøye og sjekk om dyra dine har vore ute på beite så lenge som kravet tilseier. Det er summen av beite på inn- og utmarksbeite som må vera minst 16 veker. Beitetilskottet er på 121 kr/småfe (sau,lam,kje,geit) og 971 kr/ storfe.
- Tilskott for beiting på utmarksbeite, der dyra i utgangspunktet må ha vore minst 5 veker til heis eller på avgjerda utmarks-beite. For dei av dykk som har dyr som går fram og tilbake mellom ut- og innmarks-beite, vil me framleis nytta reknearket for avbeiting som støtte for vår vurdering. Det må imidlertid finnast ein del utmark på eigedommen, slik at dyra reelt har beite for 5 veker, kanskje 10 daa utmark pr. vaksen sau og opp mot 25 daa utmark pr. storfe. Er du i tvil, fyll ut tabellen som ligg på heimesida vår, og send inn for vurdering, eller ta kontakt med oss. De må fylle inn rubrikken for sluppet på utmarksbeite(teller 70 % av tilskott) og sankt frå utmarks-beite(teller 30 % av tilskott). Tilskottet er 546 kr/småfe og 1 713 kr/storfe. Dei som søkjar om tilskott til dyr på utmarksbeite, bør ha ein beitelogg som ein kan legge fram ved kontroll av søknadsdata.

Arealtilskot.

- Her søker du automatisk både på areal- og kulturlandskapstilskott, ved å fylla inn dei areala ditt føretak har disponert i veksts sesongen 2024. Tala frå i fjor er preutfylt.
- Dersom du har fått godkjent nytt innmarksbeite eller har fått oppmålt nydyrka areal, må arealtala korrigerast i søknaden.
- Kva for konkrete areal som er registrert på din eigedom, kan du finna på NIBIO sitt gardskart. Link til dette kartet finst direkte i søknaden, eller linken på kommunen si internettside:

- Husk at sum tal disponert areal, må stemma med det tal dekar du fordelar mellom vekstar.
- Oppmålt nydyrka areal og nye godkjente beite er for dei aller fleste lagt inn i gardskartet.

Tilskott til avløysing.

- Her fyller du inn netto avløysarutgifter, utan meirverdiavgift, som føretaket har hatt som kostnad fram til og med 15.10.2024. Dersom du ikkje har brukt noko avløysarutgifter så langt, men har tenkt å bruke noko i slutten av året, så fyll ut kr. 1 i rubrikken, slik at du faktisk har søkt.
- I avløysarutgiftene fyller du inn summen av eigne lønnsutgifter, tenester kjøpt av avløysarlaget eller avløysartenester kjøpt av andre føretak.
- Dersom du kjøper avløysartenester frå andre føretak, må «persondelen» av desse enten spesifiserast på faktura eller underbilag til faktura, med timer og timesats. Me godkjenner timesats opp til 450,- pr. time. Det er bare persondelen som gir grunnlag for avløysartilskott, og det må vera avløysartenester som bonden i utgangspunkt kunne utføre sjølv.
- Lurar du på noko så kontakt landbrukskontoret. Maks tilskott er 134 175 kr for 2024.

RMP

Husk også at fristen for å søkja om tilskott til Regionalt miljøprogram er 15.10.24.

Det er eit godt tips å søkja om RMP tilskott samtidig, som du søkjar om produksjonstilskott. Ikkje utsett det å søkja tilskott til «seinare», då er det fort gjort at det går i gløymeboka.

Info om dette finn de på heimesida til kommunen.

Er det noko du lurar på i høve til desse tingene, så nøl ikkje med å ringe ein av oss på landbrukskontoret:

Svein Olav Tengesdal
51 20 11 73/990 21 019

Ivar Tore Hetland 51 20 11 72

Gerd Siqveland Engelsgjerd.
51201170

Lykke til

Gitar og Handverk DA

**Gitarreperasjoner og rekvisita
Blomsterdekor til alle anledninger, materiell**

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså
Følg oss gjerne på  gitaroghandverk
Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO



POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955
DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 Bjerkreim
legekantor
51 20 43 30

Svein Kjetil Fosse
tar over som
fastlege ved nyttår
etter Barbara Widera.



Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

Fardal Bil AS
DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00
www.fardalbil.no